

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.11.2019

Utvalsleiar Tor Andre Ljosland (KRF) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i KODE. Ljosland gjekk frå og nestleiar Kjell Håland (A) leidde møtet medan spørsmål om inhabilitet vert behandla. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Ljosland var inhabil, jf. fvl. § 6, 1.ledd bokstav e.

Ljosland gjekk frå under behandling av saka. Nestleiar Kjell Håland leidde møte.

Sara Hamre Sekkingstad (SP) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Stiftelsen Bergen Kjøtt.

Gunnar Bakke (FRP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Sunnhordland museum. May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i styret til Sunnhordland museum.

Sekkingstad, Bakke, Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Sekkingstad og Bakke var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd bokstav e.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Sandvik ikkje var inhabil. Sandvik tiltredde saksbehandlinga.

Sekkingstad og Bakke gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 10 representantar tilstades.

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 1 324 104,- over budsjettpost 400.780 til spelemidlar Kulturbygg med regionale funksjonar i 2019:

Søkjar	Kostnad	Søknadssum	Tilrå fordeling
Hardanger og Voss Museum	100 000 000	10 000 000	0
Hardanger og Voss Museum	6 024 000	3 000 000	400 000
Sunnhordland museum	58 685 000	27 000 000	0
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	21 925 000	450 000	0
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	72 266 000	5 150 000	0
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	26 500 000	4 213 000	300 000
Stiftelsen Kulturhuset USF	1 805 000	500 000	0
Klosteret 17	3 485 000	300 000	0
Fjell kommune	2 500 000		0
Kode kunstmuseer og komponisthjem	4 800 000	1 000 000	400 000
Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	5 812 000	3 500 000	100 000
Norsk vasskraft- og industristadmuseum	107 063 000	10 000 000	0
Voss kommune	650 000	300 000	0
Stiftelsen Bergen Kjøtt	4 200 000	1 000 000	124 104
Stiftelsen History Disposal Unit		40 000	0

415 715 000

66 453 000

1 324 104